

E-brev til: Landslaget for lokalaviser (LLA)  
v/generalsekretær Rune Hetland  
Mediebedriftenes landsforening (MBL)  
v/Bjørn Wisted, fagsjef for næringspolitikk

## Produksjonsstøtte

### Innspel til framlegget om å fjerne produksjonsstøtta for ei gruppe aviser.

Med eit netto opplag på 5 571 eksemplar (2012) er Vest-Telemark blad (VTB) ei av avisene som er råka av framlegget. Me ønskjer å koma med innspel til saka.

Oversikt over produksjonsstøtte og årsresultat i åra 2008–2012:

År	Produksjonstilskot	Årsresultat (etter skatt)
2013	Kr 430 985	
2012	Kr 403 379	Kr 206 282
2011	Kr 393 783	Kr 95 331
2010	Kr 381 943	Kr 52 205
2009	Kr 373 945	Kr 181 535
2008	Kr 373 945	Kr 197 829

Dette viser at utan produksjonsstøtta ville VTB hatt eit underskot desse fem åra på 1 193 813 kroner.

VTB er ei sjølvstendig avis, ikkje eigd av noko konsern eller andre mediebedrifter. Det er for oss underleg at staten skjer alle i den aktuelle gruppa over ein kam, utan å sjå på konsekvensen for kvar enkelt avis. Det må også vera rett å sjå på om avisene er eigde av konsern, og kan få konsernbidrag, eller er sjølvstendige.

I høyringsbrevet kan det sjå ut som departementet ønskjer å straffe aviser som har pluss i rekneskapen, eller som greier å gjera opp rekneskapen utan minus.

Me nemner at VTB aldri har betalt utbyte til aksjonærane.

Vidare må det vera mogleg å sjå på kva grunnlag den enkelte avis har for inntening i dekningsområdet sitt. Vårt område, dei seks kommunane i Vest-Telemark,

har ca 14 000 innbyggjarar. Næringslivet, fyrst og fremst forretningane, er gode annonsekundar. Det er likevel ein marginal annonsemarknad i distriktet vårt.

Regionen er derimot geografisk stor, med mange bygder og grender, og om lag 20 mil mellom nedste og øvste grend. Det betyr både dyr distribusjon (med Posten), og kostnadskrevjande reiser når journalistane er ute på oppdrag.

Med det økonomiske grunnlaget VTB har utan produksjonsstøtta, vil avisa utan tvil bli eit dårlegare produkt, som heller ikkje i så stor grad som i dag kan spegle lokalsamfunnet både i sentrum og i bygdene rundt.

Sjølv om papiravisa enno er den viktigaste for dei fleste lesarane, ser me at stadig fleire nyttar dei elektroniske tilboda våre. På den sida står me framfor store investeringar den næraste tida. Me ser at det er nødvendig å «hange med» i utviklinga på den sida, også for lokalavisene.

I tillegg til større investeringar i nær framtid, vil det vera ei krevjande øving, for ikkje å seia umogeleg, å omstille drifta midt i året med eit så stort kutt som bortfall av produksjonsstøtta vil gje. Etter det me forstår skal bortfallet gjelde for i år, medan omlegginga ikkje vil vera godkjent før langt ut i året.

Lokalavisa er ein av dei viktigaste «talarstolane» for demokratiet og det politiske ordsiftet, og for næringsliv og organisasjonar i kommunane. Er den talarstolen verdt å kneble for 13 millionar av produksjonsstøtta?

Helsing

Aud Jonskås, styreleiar

Tone Straume, dagleg leiar

Øystein Øygarden, redaktør

Kopi til:

Kulturminister Torhild Widvey

Lokalavis og grafisk produksjon



# Vest-Telemark blad

Lokalavisa for Seljord ■ Kviteseid ■ Nissedal ■ Fyresdal ■ Tokke ■ Vinje

Stortingsrepresentantane frå Telemark

Torbjørn Røe Isaksen, kunnskapsminister

Bård Hoksrud, statssekretær Samferdselsdepartementet

Lokalavis og grafisk produksjon

---

Tlf. 35 06 88 00 ■ Faks 35 05 31 71 ■ redaksjon@vtb.no ■ Bankgiro: 2660.05.00758 ■ Føretaksnr: NO 925 545 872 MVA  
Postboks 33, 3836 Kviteseid